



Hardanger



## Møtereftrat

# Hardanger og Voss Ungdomsråd arbeidsmøte med Samnanger ungdomsråd

Torsdag 13.05.2020, kl 1400-1530 - "MEET"

### Til stades:

Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Amalie Eide Aase
Kvam herad:	Ungdomsrådsmedlem Sander Eide Aase. Leia møtet
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatur Hole
Voss herad:	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Voss herad:	Ungdomsrådsnestleiar Daniel Lund
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvold
Ullensvang kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg
Samnanger Ungdomsråd;	Ungdomsrådsleiar Mia Holdhus
Samnanger Ungdomsråd:	Ungdomsrådsnestleiar Ida Haugen Skulstad

### Ikkje tilstades

Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Ulvik herad:	Ungdomsrådsnestleiar Isak Hjeltnes

### Kontaktpersonar:

Kvam herad	Kari W. Vik
Ullensvang herad:	Vibeke Lynghammer
Voss herad:	Eivind Djønn
Hardangerrådet:	Trude Lægneid Rinaldo

### Sakliste:

#### **Diskutera Spørjeundersøkinga me skal gjennomføra i Hardanger, Voss og Samnanger.**

Det er viktig for oss i ungdomsrådet å gjennomføra denne undersøkinga fordi me har lagt veldig mykje arbeid i det, for å få svar som me i neste omgang kan bruka i målretta arbeida for born og unge i Hardanger, Voss og Samnanger.

Skulane er viktige medhjelparar som distributørar av undersøkinga. Totalt sett er det tale om 3000 elevar i regionen vår, der omlag 1500 av dei har Voss som skulestad.

Det er kome fleire kritiske tilbakemelding om innhald og organisering av undersøkinga vår, etter at me har sendt ut informasjon til alle skulane om planane våre.

Før møtet i dag er det meste retta opp i, og sendt ut igjen. Men me er ikkje i mål, og skulane forventar meir av oss. Spesielt på datasikkerheit og lagring, samt tilgang på hjelp i tidsrommet undersøkinga pågår.

Skulane viser til UNGDATA sine undersøkelser, men ungdomsrådet vil gjera dette sjølve.

Sander gjekk gjennom undersøkinga, der også nokre fleire spørsmål vart stilt og dokumentet justert i møtet. Deretter gjekk me gjennom dei konkrete tilbakemeldingane får ulike skular. Som sagt så har me retta opp i mykje. Men til tross for hardt arbeid med å få sikkerheit og personvern på plass, er me ikkje heilt i mål. Det som står att er lagring av dataen, kven som eig dataen og kven som har tilgang til dataen. Me skal jobba meir med dette, saman med personvernombud i Kvam herad Tore Tellevik og andre me treng hjelp frå.

Me skal også laga eit informasjonsskriv som tek føre seg sikkerheit og desse spørsmåla.

Når alt er på plass vil me invitera rektorar/skulesjefar til eit møte. Dette er best gjennomført i kvar kommune for seg, der ungdomsrådsrepresentantar har kontakt med eigen skule og fortel, formidlar, ol. Dette vil også gje skulen meir kjennskap til kven Hardanger og Voss ungdomsråd er.

Me må også arbeida meir med hjelpetiltak i forbindelse med undersøkinga. Det løyser me med å ta kontakt med skulehelsetenesta og psykolog i kommunane, for å be dei vera på når undersøkinga vert gjennomført. Dette i tillegg til opplisting av eksterne hjelpetelefonar i informasjonsbrevet til ungdomane.

Viktig også at all informasjon er tydeleg på at det er frivillig å delta på denne undersøkinga.

Ein siste utveg for å få regionale data kan vera samarbeid med Ungdata, jmf senterleiar Anders Bakken. Dei skal gjennomføra undersøking i regionen vår i februar 2021. Desse undersøkingane gjev rom for både lokal tilpassing av spørsmålsformuleringar og eigne spørsmål. Om me einast om desse tilpassingane, kan me får lokale svar for vår region. Utfordringa her er å få "våre" spørsmål med i den.

Arbeid vidare:

1. Nytt Informasjonsskriv til skulane med spesifikasjonar på datasikkerheit, lagring, eigar og bruk.
2. Ta kontakt med skulehelsetenesta og kommunal psykolog.
3. Oppdatera alle informasjonsskriva. Viktig at undersøkinga er frivillig.
4. Førebu gjennomføring til hausten.
5. Kvart ungdomsråd har kontakt med skular i eigen kommune.

**Neste møtet i Hardanger og Voss ungdomsråd er som avtala: 09.06.2020 kl 1400**